

BONDEVENNEN



A young boy with curly hair, wearing a green and black long-sleeved shirt with a 4H logo, stands next to a cooking display. The display features a red banner with the words "MATLAGING" and "ANDREAS SCHEIE REFSNES". Below the banner are several small photos showing people cooking. In front of the banner is a table covered with a white cloth, displaying various ingredients and cooked food items, including a frying pan with what looks like pancakes, a bottle of rapeseed oil, a bag of flour, and a box of spaghetti. To the right of the boy is a green poster titled "TEKNIKKMERKE" with illustrations related to agriculture and technology.

**Haustfest
og jubileum
i Sjøsprøyt 4H!**



Spent styreleiar: Mille Benedicte Johnsen Egeland er styreleiar i Sjøsprøy 4H. Kvelden før kvelden er ho spent. Ho skal vere konferansier for første gong. Forutan 4H, er turn hennar store lidenskap – og tema på prosjektet.



Komle og chips: Kristoffer Orre Kverneland har laga mykje god mat i prosjektperioden, blant anna komle og chips. – Komle var ikkje så vanskeleg og tidkrevjande som eg hadde trudd. Og så blei det veldig godt, seier han.

Snart fest for Sjøsprøy 4H

Sjøsprøy 4H på Orre på Jæren feirer 70 år. I Orrehallen har dei dekt langbord til 200 gjester, og «heile bygda» er invitert.

BV Jane Brit Sande

Tomine Bjorland, Mille Benedicte Johnsen Egeland og Kristoffer Orre Kverneland er klare for haustfest og jubileum. Prosjektutstillingane deira er på plass. No kan dei lene seg tilbake og glede seg til morgondagen. Men Mille Benedicte er nok ekstra spent. Ho er styreleiar i Sjøsprøy 4H, og skal vere konferansier på jubileumsfesten.

– Det er ei stor oppgåve, og første gongen eg gjer noko slikt. Eg er veldig spent, og både gruer og gler meg på same tid, seier ho til Bondevennen.

– Men eg er godt førebudd, så eg håpar det går betre og betre utover kvelden.



Aase Marie
Orre

Står sterkt i bygda

Aase Marie Orre er klubbrådgivar i Sjøsprøy 4H. Ho er i full sving med å få dei siste detaljane på plass.

– Det er så gildt når det blir haustfest, seier ho.

45 prosjekt er stilt ut, og representerer 48 medlemmer. I tillegg skal aspirantmerker, bronse-, sølv- og gullmerke til juniorane, og fagskjold i bronse, sølv og gull delast ut. Plaketten skal delast ut til fem medlemmer som har fullført sju år i 4H-løpet.

– Sjå kor flinke dei har vore. Dette er utruleg stas, seier Aase Marie om prosjektutstillingane.

Ho var sjølv aktiv i klubben som ungdom, og har vore klubbrådgivar sidan 2019.

– 4H-klubben har alltid stått sterkt her i Orre-bygda, seier ho.

– Fleire av dei vaksne som bidreg til Haustfesten, har vore med i 4H sjølve. Morgondagens festtalar, Jarle Wiig, er ein av dei.

Samarbeidet på tvers av organisasjonane elles er utruleg godt, seier Aase Marie, og trekker fram nokre døme:

– Orremessa er eit stort arrangement her i bygda. Her bidreg 4H med rigging, og så har me sjølvsgått ein stand. Me har eit godt samarbeid med Bondelaget om plastinnsamling fleire gonger i året, og det er alltid nokre av 4H-erane som har plast som prosjekt.

Lenge var samarbeidet med Orre Bygdekvinnelag godt. Men då dette lokallaget vart lagt ned, trådde Orre Sanitetsforeining inn.

– I kveld går representantar frå Bondelaget, Bygdeungdomslaget, og Sanitetsforeininga rundt og vurderer prosjekta. I tillegg skal Bygdeungdomslaget servera på jubileumsfesten og to mormødrer skal pynta med lokal haustgrøde, seier Aase Marie.

Vel tema sjølve

Tomine og Kristoffer viser stolt fram prosjekta sine. Dei har alle fått tildelt plass til eiga utstilling. Kvelden før haustfesten skal prosjekta bli vurdert.

Tomine har hatt hund som tema på sitt prosjekt.



Draumen om eigen hund: Tomine Bjørland har fått låne naboen sine hundar til prosjektet sitt. Ho har lært dei nye triks, og tatt dei med på mange turar. – Det beste minnet er hengekøyturen til Trælafjellet i Bjerkreim, fortel ho.

– Eg har ikkje eigen hund, men eg får gå tur og leika med naboen sin så mykje eg vil, fortel ho, og erkjenner at draumen er å ein dag ha ein eigen hund.

Hunden heiter Annabelle, og tidlegare i år fekk ho tre kvalpar.

– To av kvalpane har flytta, men Milia vart igjen saman med Annabelle. Eg har hatt begge hundane med meg i prosjektet.

På plakaten har ho biletet av dei mange turane dei har vore på. Det beste minnet er hengekøyturen til Trælafjellet i Bjerkreim, fortel Tomine.

Kristoffer har hatt matlagning som tema på sitt prosjekt.

– Eg likar å ete mat, svarar han på

spørsmål om kvifor han valde dette temaet.

– Eg har laga ein del forskjellig. Det er gildt når det ikkje tar så lang tid å laga, men det som tar lang tid er best.

I utstillinga har han tatt med seg reiskap og råvarer han har brukte i prosjektet, og på plakaten har han biletet av rettane han har laga.

– Og så har eg laga chips og tatt med i utstillinga, seier Kristoffer.

På biletet ser me også at han har laga komler.

– Det tok ikkje så lang tid som eg trudde, og så var det lettare enn eg hadde trudd, seier Kristoffer.

Vurderer prosjekta

Orrehallen har vrimla med travle 4H-arár som har gjort klar utstillingar eller øvd seg på underhaldningsinnslag til jubileumsfesten. No er det klart for vurdering av prosjekta.

Omine Goa er leiar i Orre Bygdeungdomslag. Ho var leiar i Sjøsprøyts 4H i fem år.

– Eg saknar det litt, men samstundes er det gildt å vere ferdig og gjere andre ting òg, seier ho.

Den store skilnaden mellom Bygdeungdomslaget (BU) og 4H, er at dei ikkje har prosjektoppgåver i BU.

– Slik sett er me litt friare. Me kan vel-



Brekande bra: Johannes Orre Kvernland har fått vere med i sauehuset hjá Mette og Sigurd Goa. – Eg har vore med på lemming, sanking, klipping og makkakur. Lemminga var kjekkast. Eg var med for første gong, seier han.

Gamle trakter: Omine Goa var styreleiar i Sjøsprøyts 4H i fem år. No er ho styreleiar i Orre Bygdeungdomslag, og er med og vurderer prosjekta. – Eg saknar det litt, men det er gildt å gjere andre ting òg, seier ho.



Imponert: John Olav Åse Lothe er på plass på vegne av Orre Bondelag. Han er imponert av arbeidet til 4H-arane.

– Her er mykje flott arbeid, seier han.

je kva me vil vere med på, og har mykje aktivitetar, som leirar og tevlingar. Det er sosialt og gildt, seier Omine.

John Olav Åse Lothe er på plass på vegne av Orre Bondelag, der han sit i styret.

– Normalt er det styreleiar som vurderer prosjekta, men ho kunne ikkje. Det vart litt kniving om kven som skulle få gjere det i staden, seier han.

Han skal vurdere prosjekta med dyr og gardsliv som tema. John Olav er imponert av det han ser.

– Her er mykje flott arbeid, seier han.

Klubbrådgivar Aase Marie pustar ut. No er det ikkje mykje att før Orrehallen er klar for storinnyrkk av festkledde gjester. Ho ser utover hallen. Dei har gjort fleire langbord klare til pynting og dekking. 200 gjester skal få servert lasagne.

– Ungane lærer mykje av prosjekta. Det skal gjennomførast og fullførast, og så skal dei lage rapport og utstilling. Me ser fram til Haustfesten kvart år. Det er så gildt, seier Aase Marie.

Reis på leir!

Sjøsprøyrt 4H har alltid vore ein stor klubb. Men også dei må jobbe for rekrutteringa.

– Nokre av styremedlemmene går kvart år ut i klassane og fortel om 4H og kva dei held på med, og så har dei eit aspirantmøte med informasjon der også føresette er invitert. I tillegg kjem skulen og ser på utstillingane på dagtid før Haustfesten, seier Aase Marie.

Dei siste åra har det kome mange tilflyttarar til Orre-bygda.

Mormødrer i sving: Martha Scheie og Jofrid Bilstad er begge mormødrer til 4H-arar. Dei stod for pynting av langbord og scene til jubileumsfesten – alt er lokalt dyrka grøde. Foto: Aase Marie Orre



– Dei kjenner ikkje organisasjonslivet på same måte, og kjenner kanskje ikkje til 4H i det heile. Kjem desse ungane med, er det fordi dei kjenner nokon andre her, seier ho.

Ho tykkjer det er givande å vere med som klubbrådgivar.

– Og så er det så gildt med aktivitetar i lag med ungane. 4H er ein fin arena å bli kjende med dei på.

I Sjøsprøyrt 4H er dei fire klubbrådgivarar.

– Det er jo litt arbeid å halda gangen i dette, men det går greitt når me er fleire som kan dela på oppgåvene. Me reiser også på klubbrådgivarsamling, og det er veldig inspirerande, seier Aase Marie.

4H har fylkesleir kvart år, og landsleir og nordisk leir annakvart.

– Og i mars skal klubbanne i Klepp og Time arranger Storkurs. Det er eit stort arrangement for alle klubbanne i fylket. Det plar koma kring 400 4H-arar på denne kurshelga, seier Aase Marie.

– Målet er alltid å få ungane til å bli med på ein leir. Vår erfaring er at det då er større sjanse for at dei held fram i 4H.

Endringar i 4H-løpet

I 2024 innfører 4H eit nytt, meir fleksibelt og poengbasert 4H-løp.

Dagens 4H-plakettløp går over sju år, og er berre knytt til 4H-prosjekt. I det nye løpet skal 4H-arar samla poeng ved å gjennomføra oppdrag, bidra ved å ta på seg verv, eller delta på store leirar. For å oppnå plaketten i det nye 4H-løpet, skal dei samla minst 1000 poeng og vere 18 år eller eldre det året dei mottek plaketten.

På denne måten blir det lettare å tilpassa 4H-løpet individuelt, og born og unge kan utvikla seg til ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom på fleire ulike måtar.

Den nye prosjektplattforma blir opna 1. februar 2024.

Kjelde: 4H.no

